

Vann klårt over Os

10.10.2011



Rosendal-laget går frå siger til siger og desse uskedelingane er meir eller mindre faste på laget: Ingebjørg Haugland, Anette Sandnes, Gøril Samland Eik, Anita Simensen og Reidun Musland.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Rosendalsdamene vann 3-0 over Os i helga og det var ein vel fortent siger. Ein uskedeling teikna seg på mål-lista, og det var Reidun Musland. Elisabeth H. Eide og Hildegunn Furdal var dei andre scorarane. Ved pause var stillingen 2-0 og heimelaget var mykje betre denne gongen enn i den førre kampen.

Då tapte dei duellane altfor ofte og det gjorde dei noko med denne gongen! Rosendal hadde god kontroll over det unge gjestelaget, oppsummerar trenar Magne Skår til Kvinnheringen. Neste kamp er mandag til veka mot Arna Bjørnar heime.